

Prop. 167 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i “Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap”

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 31. mai 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av godtgjering for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2013.

2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på resultatet av lønsoppgjeret mellom staten og LO Stat, YS Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i lønsoppgjeret for statstilsette blir godtgjering til vernepliktige mannskap tilrådd auka med 1,5 prosent frå 1. juli 2013.

Meirutgiftene for 2013 er utrekna til 7 404 000 kroner.

3 Bakgrunn

I mange år er økonomiske ytingar til soldatar regulert med grunnlag i lønsoppgjeret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har, i tråd med synet til Stortinget, dei seinare åra lagt til grunn reguleringa i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten.

Lønsoppgjeret for tilsette i staten i lønsramme 02, lønstrinn 19 gav eit kronetillegg på A-tabellen, som utgjer ei regulering på 1,5 prosent.

4 Vurderingar

Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det òg i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at utskrivne vernepliktige bør få ei regulering på avrunda 1,5 prosent med verknad frå 1. juli 2013.

Visekorporalar og korporalar har hatt likt tillegg frå visekorporalstillegget på nytt vart innført i 2010. I samsvar med vanleg praksis i Forsvaret, ønskjer Forsvarsdepartementet å differensiere tillegget mellom visekorporal og korporal. I årets regulering har Forsvarsdepartementet, som eit første skritt, difor nytta midlane sett av til visekorporalar og korporalar, til berre å auke korporalstillegget. Visekorporalstillegget er difor uendra i reguleringa i år.

5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2013:

Tenestetillegg frå kr 161,-	til kr 163,- per dag
Tillegg for visekorporal/tilsvarande, uendra kr 20,40	
Tillegg for korporal frå kr 20,40	til kr 21,- per dag
Kompensasjonstillegg frå kr 450,-	til kr 457,- per dag
Ektefelletillegg frå kr 4 329,-	til kr 4 395,- per måned ¹
Barnetillegg, første barn, frå kr 4 923,-	til kr 4 998,- per måned ¹
Barnetillegg for barn, utanom det første, frå kr 2 028,-	til kr 2 058,- per måned ¹
Dimisjonsgodtgjering 12 månaders teneste frå kr 31 025,-	til kr 31 500,- ¹
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 60,-	til kr 61,- per dag
Operativt tillegg (§13-oppdrag) frå kr 1 240,-	til kr 1 259,- per dag
Tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke frå kr 868,-	til kr 881,- per dag

¹ Summen er avrunda av omsyn til dagsatsar på heil tiøre.

6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 7 404 000 kroner for 2013 etter følgjande fordeling:

Auke i tenestetillegg og tillegg for korporal/visekorporal/tilsvarande	kr 3 761 358,-
Auke i kompensasjonstillegg	kr 288 157,-
Auke i forsørgjartillegg	kr 91 521,-
Auke i dimisjonsgodtgjering	kr 2 985 058,-
Auke i utdanningsbonus, dagsats	kr 84 980,-
Auke i tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke og operativt tillegg (§13-oppdrag)	kr 193 144,-

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap".

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap" i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap"

I

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 965 420 000 til kr. 2 965 766 000	346 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 038 716 000 til kr. 2 038 948 000	232 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 5 669 677 000 til kr. 5 673 566 000	3 889 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 3 657 980 000 til kr. 3 659 041 000	1 061 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 4 323 614 000 til kr. 4 324 623 000	1 009 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 1 142 649 000 til kr. 1 143 239 000	590 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 136 791 000 til kr. 2 136 822 000	31 000
1790		Kystvakten	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 1 018 801 000 til kr. 1 019 040 000	239 000
1795		Kulturelle og allmennnyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 265 629 000 til kr. 265 636 000	7 000